

Referat frå styremøte i Mental Helse Kvam, måndag 16. august 2021

kl. 1800 på Omastrand

Deltakarar: *Jan Tore Gjerde, Gunnar Helle, Britt Helle, Marianne Gjerde, Karen Elise Berge, Vidar Eik.*

Tur til Danmark med fylkeslaget: Mental Helse Kvam sender ut skriv med påmelding til tur med Fjordline til Danmark arrangert av Mental Helse Hordaland. Påmelding i god tid før fristen til fylket.

Støtte frå Kvam Herad: Laget har fått støtte på kr 5000 frå Kvam Herad som skal gå til drift av laget. Kjempflott.

Sende endring av styret til Brønnøysundsregisteret og oppdatere også andre nettsider:

Vidar Eik gjer dette. Brreg.no, mentalhelse.no og lagsportalen til Kvam Herad. Hugs Facebook.

Kva skjer med pårørendesminaret som var i planlegging før Covid-19?

Dette er på vent så lenge pandemien er varande. Men reknar med at det vert kalla inn til nytt komitemøte når det blir bestemt å opne opp att. Fylkeslaget har fått midlar øyremarka til informasjon for pårørande/pårørandeseminar. Så viktig at det blir arrangert.

Kafè påfyll: Vi har igjen fått spørsmål om å delta på kafe påfyll og også på planleggingsmøte for hausten. Styret meiner at dette ikkje er Mental Helse Kvam si oppgåve. Laget må prioritere arrangement for våre medlem no når samfunnet opnar opp att. Vi seier oss villige til delta og ha tema nokre gonger, men begrensar oss til to deltakingar denne hausten. Nokre i styret jobbar på dagane kafeen er, så det blir mykje på andre i styret som eventuelt må delta.

Vi bestemmer oss for å delta 6. september og 1. november.

Det er ønska at Mental Helse arrangerar ein av dagane som ein tur for deltakarar på kafeen og også våre medlem. Dette blir 6. september. Oppmøtestad blir den nyoppussa marinen i Strandebarm. Britt stiller med påsmurte baguetter og Marianne med kake. Kafè påfyll deltakarar må sjølv ordne transport til Strandebarm.

Jan Tore Gjerde får fullmakt til å meddele styret sin beslutning om deltaking på kafè påfyll til Marianne Gluppe.

Tur for våre medlem i haust:

Vi diskuterte eventuell tur for våre medlem i haust. Aktuelle stader var Smalahovetunet på Voss, eller Vøringsfossen og natursenteret i Eidfjord.

Vi bestemte oss for å vente med tur til våren, og heller konsentrere oss om julebord for våre medlem.

Julebord 2021:

Vi vil arrangere julebord for våre medlem onsdag 1. desember på Hardanger AKS.

Jan Tore Gjerde ringer Hardanger AKS for å bestille lokale. Samtidig spørre om pris på laging av mat og oppvask etter maten. Han spør også Kjell Arne Gjørn om å spela og leia songgruppa som sist.

Britt byrjar å samle gevinstar til utlodding. Gunnar søker om midlar.

Vidar sender ut skriv om julebord med påmeldingsfrist 25. november. Skrivet blir sendt ut i starten av november. Det vert meir planlegging på neste styremøte.

Blomst til revisor:

Vi sender ut ei blomsehelsing til Hans Arne Børsheim for god revidering av rekneskapen for 2020 og for at han er villig til å vera revisor.

Støtte til mat på styremøte:

Styret har bestemt å støtte dei som til ein kvar tid stiller med mat på styremøtene med kr. 50 per person. Ved 6 personar blir dette da 300,- i støtte for maten. Kasserer betaler ut.

Opplæring for leiar:

Jan Tore Gjerde ynskjer å reise på opplæring hos Mental Helse, kurs for leiarar. Styret gjev si tilsegn til at han kan gjera dette.

Neste styremøte:

Blir 5. oktober 2021 på Omastrand.

Norheimsund 24. august 2021

Vidar Eik - Sekretær